



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Mads Munkejord, 5557 2383

Vår dato
11.11.2016
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2016/14528
Dykkar referanse
«REF»

Fiskeridirektoratet
Hordaland fylkeskommune
Mattilsynet

Invitasjon til å delta i utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) knytt til konsekvensar av fiskesjukdomar og oppdrett

Fylkesmannen er gjennom Fylkesmannens samfunnstryggleiksinstruks pålagd å utarbeide ein risiko- og sårbarheitsanalyse (fylkesROS) for fylket i samarbeid med regionale aktørar.¹

FylkesROS Hordaland skal

- gje eit heilskapleg oversyn over risikobiletet i Hordaland fylke som region, både med omsyn til naturgjevne og menneskeskapte hendingar
- auke den generelle kunnskapen om risikotilhøve i fylket
- auke merksemda omkring samfunnstryggleik
- vere eit basisdokument for vidare ROS-analysar på regionalt og lokalt nivå

FylkesROS Hordaland ligg føre i tre trykte versjonar, høvesvis frå 2004, 2009 og 2015. Fylkesmannen i Hordaland ønskjer framover å lausrive FylkesROS frå å vere eit einskildståande trykt dokument, og heller la FylkesROS vere samansett av frittståande analysar som kan supplerast, utvidast eller reviderast ved behov fortlaufande på nett.

Fylkesmannen ønskjer å starte arbeidet med «ny» FylkesROS gjennom å revidere ein (kortfatta) ROS-analyse av «fiskesjukdomar og oppdrett», som var del av FylkesROS i 2009 (og 2004), men som var utelate i førre versjon.² Fiskeridirektoratet, Hordaland fylkeskommune og Mattilsynet var alle deltakarar i arbeidet med FylkesROS 2009.

Felles for alle analysar i FylkesROS er at det internt hos Fylkesmannen varierer i kva for grad me sjølve har tilstrekkeleg fagkunnskap om temaa som skal analyserast. Me har med andre ord trong for hjelp frå andre ressursar – noko som i seg sjølv er ein viktig del av arbeidet – nemleg å knyte kontaktar på tvers av fagmiljø for å sikre ei tverrfagleg tilnærming.

¹ Jf. Fylkesmannens samfunnstryggleiksinstruks, kap. IV, punkt nr. 1: <https://lovdata.no/dokument/INS/forskrift/2015-06-19-703>

² Jf. følgjande lenkje for 2009-analysen (OBS: kapittelet omhandlar og «dyresjukdomar og landbruk» noko som ikkje er relevant i denne samanhengen):

<https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMHO/Samfunnstryggleik/FylkesROS%20-%20delkapitler/10%20FylkesROS%20Hordaland%20-%20delkapittel%20-%20fiske-%20og%20dyresjukdomar.pdf>

Alternativt følgjande lenkje for heile rapporten:

<https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMHO/Samfunnstryggleik/FylkesROS%20-%20delkapitler/FylkesROS%202009.pdf>

Me ber derfor i denne omgang om hjelp frå Fiskeridirektoratet, Hordaland fylkeskommune og Mattilsynet i arbeidet med å utarbeide/revidere ein kortfatta ROS-analyse om moglege konsekvensar av fiskesjukdomar og oppdrett som fylket må vere budd for å kunne handtere.

Me ser for oss ein relativt kortfatta prosess med vekt på arbeidsmøter (3-5) etterfølgt av ei kort høyring til andre relevante lokale og regionale aktørar. Me reknar med det allereie ligg føre relevant arbeid/analysar som kan nyttast rett inn i prosessen.

Me vurderer til orientering no om me i utforminga av sjølve analysen skal legge oss noko nærare opp til analyseformatet som ligg til grunn for DSBs «Nasjonalt risikobilde».³

Me vonar at dykk har høve til å bidra inn i dette arbeidet, og at de kan melde inn ein kontaktperson til Fylkesmannen v/ Mads Munkejord (e-post mads.munkejord@fylkesmannen.no, tlf.: 55 57 23 83). for vidare avtalar og korrespondanse.

Fylkesmannen vil vere representert med personell frå kommunal- og samfunnsplanavdelinga og miljøvernavdelinga i dette arbeidet.

Me har von om at arbeidet kan starte opp allereie før jul, og ber dykk melde tilbake til oss innan 25. november.

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Mads Munkejord
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

³ Jf. https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/rapporter/nrb_2014.pdf